

**Avtala om Det europeiske  
økonomiske samarbeidsområdet**

**EØS-komiteen**

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**

**nr. 57/2001  
av 18. mai 2001**

**om endring av vedlegg XXI til EØS-avtala (Statistikk)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XXI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 53/2001 av 30. mars 2001<sup>(1)</sup>.
- 2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 1916/2000 av 8. september 2000 om gjennomføring av rådsforordning (EF) nr. 530/1999 om statistikk over strukturen i lønn og arbeidskraftkostnader med omsyn til definisjon og oversending av opplysningar om lønsstrukturen<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XXI etter nr. 18da (kommisjonsforordning (EF) nr. 452/2000) i avtala skal nytt nr. 18db lyde:

“18db. **32000 R 1916**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 1916/2000 av 8. september 2000 om gjennomføring av rådsforordning (EF) nr. 530/1999 om statistikk over strukturen i lønn og arbeidskraftkostnader med omsyn til definisjon og oversending av opplysningar om lønsstrukturen (TEF L 229 av 9.9.2000, s. 3).

---

<sup>(1)</sup> TEF L 158 av 14. juni 2001, s. 71, og EØS-tillegget til TEF nr. 30 av 14.6.2001, s. 48.

<sup>(2)</sup> TEF L 229 av 9.9.2000, s. 3.

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i forordninga gjelde med følgjande tilpassingar:

For Noreg:

- a) Variabelen ”1.5. Om det finst tariffavtaler som omfattar størsteparten av lønstakarane i observasjonseininga” skal vere valfri.
- b) Variabelen ”3.1.2. Særlege utbetalingar for skiftarbeid” skal omfatte utbetaling for skiftarbeid og andre uregelfaste utbetalingar.
- c) Variabelen ”3.5. Talet på frávær dagar per år” skal berre omfatte feriedagar og ikkje sjukefrávær eller frávær i samband med yrkesretta opplæring.”

#### *Artikkel 2*

Teksta til kommisjonsforordning (EF) nr.1916/2000 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 19. mai 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(\*).

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 18. mai 2001.

For EØS-komiteen  
Formann

P. Westerlund

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes      M. Brinkmann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

